

Referat SU (samarbeidsutvalet) Engelsvoll barnehage og skule

Tid: 18.09.23

Stad: Rom 7, Engelsvoll skule

Deltakarar:

Siril Stakland Svela, elevrepresentant

Sol Linea Nielsen, elevrådsrepresentant

Brit Turid Nesse, tilsettrepresentant

Karoline O.F. Barka, andre tilsette i skulen, forfall

Heidi Martby -Skogsholm, FAU-representant skule

Ragnvald Borsheim, FAU-representant skule (for Benedicte Reime)

Christian Victor Pedersen, FAU-representant barnehage

Inger Ølberg Lode, styrar barnehagen

Svein Egil Fatnes, tilsette barnehage

Tonje Lindland, tilsette barnehage

Kjersti Olimb Salte, kommunerepresentant

Linda Refvik, rektor

Saksnr.	Sak
---------	------------

1-23/24

Godkjenning av innkalling og sakliste

Ok. Vi må huske å skrive kor møte er. Møte er alltid på rom 7 på Englsvoll skule.

Konstituere SU

Gjennomgang av Samarbeidsutvalet si rolle og mandat:

https://foreldreutvalgene.no/fug/samarbeidsutvalget-i-skolen/?gad=1&gclid=EA1aIQobChMI7dPZhLS0gQMVKk9BAh02LQ0xEAAYASAAEgKIU_D_BwE

Vi gjennomgjekk føringane for dette som ein finn i lenken over:

Kva tyder det å vere rådgjevande?

- *Samarbeidsutvalget har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder skolen, men er kun et rådgivende organ, og har ikke beslutningsmyndighet.*
- *Driftsstyre er et besluttende organ, og kan sammenlignes med et styre for en bedrift. Driftsstyre kan erstatte samarbeidsutvalget. Det er den enkelte kommune som bestemmer om skolene skal ha et driftsstyre, og hvilken myndighet driftsstyre skal ha. Foreldrene skal alltid være representert med to personer i driftsstyret.*
- *Foreldrerepresentantene har rett og plikt til å delta i både samarbeidsutvalget og driftsstyret, i henhold til opplæringsloven paragraf 11. Rektor har møte- og talerett og kan fremme saker.*

Samarbeidsutvalget/driftsstyret har rett til å uttale seg om alle saker som gjelder skolen, f.eks:

- *Ordensreglementet på skolen.*
- *Utviklingsplaner for skolen.*
- *Forslag til budsjett.*
- *Plan for hjem-skole-samarbeid.*
- *Skolevurdering.*
- *Trafikkforholdene til og fra skolen.*
- *Skoleskyss.*
- *Planer for ombygging og vedlikehold av skoleanleggene.*

2-23/24

Rutinar for melding av saker, saksførebuing, referat mm:

Saker melder ein til rektor

Den som melder sak førebur seg i saka

Rektor skriv referat og sender det ut på mail til representantane i SU. Skulekonsulent legg dette inn i P360.

Høyringssak:

Skulane og barnehagane må behandle saka i SU/driftsstyre. Høyringsfrist er 30.september.

3 forslag:

1. Påbygg og rehab. Orstad skule – 130 mill.
2. Samarbeid med Time kommune
3. Bygge ny ungdomskule på Engelsvoll + idrettshall – 280 mill.

Nokre innspel: Tomta som er planlagt for ny skule og er god dyrka jord og viktige kulturminne. Her saknar vi meir informasjon om konsekvensar.

SU er samstemte i at vi på Klepp stasjon ynskjer ein idrettshall. Det er spesielt viktig for dei yngste. Det vil bidra positivt til barne- og ungdomsmiljøet på Klepp Stasjon. **FAU barnehage og FAU skule går einstemmig inn for forslaget om ny skule og idrettshall på Engelsvoll.** Vi ynskjer oss fyrst og fremst ein idrettshall og eit Grendahus. Det er planar for utbygging på Anda. Der skal det bli mange nye leilegheiter og mange fleire elevar. Då er det fint å kunne ha ein eigen ungdomsskule for Orstad og Klepp Stasjon.

Elevrådet: Elevane har ønska idrettshall i mange år og no ser vi moglegheitene. Godt for miljøet på Orstad ungdomsskule å bli blanda med elevar frå Engelsvoll og få ein ny skule etter 7.

Orienteringssaker frå:

- Elevrådet: Vi tok bilete av elevrådet som kjem i skulekatalogen. Vi kjem til å henge bilete på veggen med mål vi vil jobbe med. Elevrådsstyre er 2 jenter frå 7, ei jente frå 6. og ein gut frå 4.
- FAU barnehage: Har ikkje starta opp enno.
- FAU skule/SFO: Fyrste møte i dag. Ny nestleiar,. Folk er fordelt i komitear. Vi har snakka mykje om kvifor vi er i FAU.
- Kommunal representant/folkevald: førre møte i hovudvalet snakka vi om at vi skal tilby ungane våre kortreist mat. Korleis kan vi etablere gode kjøkken i barnehagar og SFO. Det er vedtatt ny barnehagen i Anda. Ny skule i Kleppelunden. Tore Bore fortset i politikken og er ein god ambassadør for Klepp stasjon.

3/23-24

4/23-24	<p>Års og møteplan for SU/SMU ok</p>
5/23-24	<p>Skulen si utviklingsplan Rektor greia ut om satsingsområde “Den engasjerte eleven”, som er ein av 3 kjernekomponentar for Kleppskulen. Dette er “paraplyen” som skal gjenspeile det pedagogiske utviklingsarbeidet vårt: i arbeidet med tidleg innsats, språk, lesing og skriving (språkplanen til kommunen), trygt, godt og inkluderande læringsmiljø. I arbeidet med elevundersøkinga, har elevar, FAU, lærarar og leiinga arbeid i ulike prosessar med resultata og stemt fram at vi skal ha eit særskilt blikk på motivasjon. Det vi skal ha eit særskilt fokus på i alt arbeidet, er: klasseleiing med fokus på relasjonar, organisering av undervisning, metodeval, oppgåvetypar. SU-representantane fekk med seg papirutgåva heim til gjennomlesing. Utviklingsplana vert vedteken dersom ingen kjem med innvendingar i neste SU-møte.</p>
6/23-24	<p>Orienteringssaker frå barnehagen: <u>Barnehagen si utviklingsplan:</u> Den blei vedteken i vår. Denne finn de på Klepp kommune si heimeside. Den er vedteken og godkjent.</p> <p><u>Barnehagen si handlingsplan for trygt og godt miljø:</u> Den inneheld korleis barnehagen skal arbeide forebyggjande for å forhindre mobbing. Den inneheld mål og delmål og verktøy som skal sikre dette. Vi har hatt tilsyn på dette i vår. Vi har eit særskilt fokus på aktivtetsplikta. I tilsynet vi fekk gode tilbakemeldingar. Personalet har god innsikt i barnehagelova. Det vi skal utbetre er at vi må legge inn litt meir av lovverket. Handlingsplana heng godt saman med Kleppmodellen.</p>
7/23-24	<p>Evaluering av planleggingsdagar ved oppstart av barnehage- og skuleåret 23/24. Det viktigaste er at dei er samkøyrte mellom barnehage og skule. Ikkje ideelt for oppstart barnehage å ha oppstart ein torsdag. Vi må undersøkje om dette er eit direktiv frå Jærskulen eller om skulane og barnehagane bestemmer dette sjølve. Elevane ser både positive og negative sider med å starte skuleåret ein torsdag.</p> <p>Nasjonale prøvar hausten 2023 Vi er i gang med gjennomføring. Det er NP i lesing, matematikk og engelsk.</p>

8/23-24	<p>Kva er nasjonale prøver?</p> <p><u>Formål</u> <i>“Formålet med nasjonale prøver er å gi skolen kunnskap om elevenes ferdigheter i lesing, regning og engelsk. Informasjonen fra prøvene skal danne grunnlag for undervisvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivåer i skolesystemet. Prøvene i lesing og regning gjennomføres på 5., 8. og 9. trinn, og prøvene i engelsk gjennomføres på 5. og 8. trinn. Skoleeier* er ansvarlig for at elevene gjennomfører prøvene. Skolene kan imidlertid fritta elever som oppfyller gitte vilkår (forskrift til opplæringsloven § 2-4 og forskrift til friskoleloven § 2-4). Skoleeier skal ha et forsvarlig system for å følge opp skolenes resultater (opplæringsloven § 13-10 og friskoleloven §5-2 tredje ledd). Nasjonale prøver gir informasjon om enkeltelever, grupper, trinn og skoler, som lærere og skoleledere trenger for å drive kvalitetsutvikling. For eleven skal resultatene fra nasjonale prøver, i tråd med bestemmelsene i kap. 3, være et redskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpasset opplæring og bidra til at eleven øker kompetansen sin i fag (forskrift til opplæringsloven kap. 3 og forskrift til friskoleloven kap. 3).</i></p> <p>Rekneskap:</p> <p><u>Skule:</u> Vi har tilsett fleire enn vi har budsjett til både i skole og SFO. Dette har vi sett oss nøyd til for å kunne dekke det ordinære, lærarnormtimar og spes.ped. Vi har mange elever med vedtak om spes. undervisning. Vi har fått avsett 140 00 kr fysiske lærebøker. Etter prosess i personalet, er faga prioritert i følgande rekkefølge:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Norsk <u>2.</u> Engelsk <u>3.</u> KRLE <p>+ Matematikk supplere (kjøp inn 5 av kvar bok: 5 BM og 5 NN av Gyldendal sine Multi-bøker på kvart steg)</p> <p><u>Barnehage:</u> Overforbruk pga bemanning. Håper å gå i balanse ved årets slutt.</p>
---------	--

Eventuelt (saker til drøfting på neste SU-møte):

Skulen:

- Vi har mange elevar med vedtak om spesialundervisning. Dette vert det ikkje teken høgde for i tildelinga.
- Vi ser at det er ei stor utfordring er å få budsjettet til SFO i balanse når SFO skal vere sjølvfinansiert.

Skule/barenhage:

- Trafikksikkerheit